

DEBATT: Norges naturhistoriske arv

Av Torgeir T. Garmo, dagleg leiar av Fossheim Steinsenter

Dei naturhistorisk musea våre har som ei av dei viktigaste oppgåvene sine å samle inn, konservere, ta vare på og eventuelt stille ut norske mineral, fossil og bergartar av stor vitskapeleg og/eller estetisk verdi. Dette er ein viktig del av Norges naturhistoriske arv, og utan at nokon nå tek ansvar vil funna frå dagens talrike fjell-anlegg vera tapte for alltid.

I dei to hundre åra etter at landet vårt starta oppbyggjinga av nasjonale museumsinstitusjonar har denne oppgåva vore skjøtta ved meir eller mindre tilfeldige innsamlingsreiser rundt i landet og ved innkjøp av prøver som dei har fått tilbod om. Svært mange av dei utstilte praktstuffane i dei naturhistoriske musea våre er gåver frå private samlarar og/eller firma.

Eit slikt innsamlingsarbeid av geologiske prøver har aldri vore høgt prioritert her i landet sjølv om dei både kan vera ekstremt sjeldne og formidle unik kunnskap om dannelsesvilkår og parageneser. Estetisk er slike mineralstuffar naturens ypparste kunstverk, ofte danna for hundrevis av millionar år sia under så spesielle vilkår at ikkje to er like.

I mange land har slike praktstuffar, også norske, i hundrevis av år vorte tekne vare på av private samlarar og ofte endt opp som kjernen i statlege museumsamlingar.

Serleg dei siste tiåra har geologiske praktstuffar også vorte investeringsobjekt for rike samlarar. Samstundes har dei fleste offentlege museum fått redusert økonomi til å drive innkjøp, både nasjonalt og på dei internasjonale steinmessene.

Når såpass mange viktige og verdifulle prøver likevel har funne vegen til norske museum, kjem dette av at dei som arbeidde i gruver og brot har hatt tid og

kunnskap til å hente ut uskadde prøver og i tillegg kjent ansvar for å skjenke dei til eit nasjonalt museum istaden for å hente maksimal fortjeneste til seg sjølve på utanlandske messer. I tillegg har mange private samlarar dei siste førti åra donert både praktstuffar og vitskapeleg materiale til institusjonane.

Dette er nå i ferd med å endre seg sterkt. Aldri har så store område "fjell" vore avdekt og sprengt her i landet som nå, og det er rimeleg å tru at det aldri tidlegare har dukka opp så mange mineraliserte druser og sprekkar som nå heller. Praktstuffar av flotte eller sjeldne mineral blir nå nesten utan unntak til pukk og asfalt på travle byggeplassar eller i enorme veganlegg.

Der tidlegare tiders arbeidarar hadde tid til å stanse opp og plukke krystallar ut av drusa, kjem dagens maskinkøyrar sjeldan så tett inn på bergveggen at han kan sjå, langt mindre avbryte arbeidet for å ta vare på prøver frå mineraliserte gangar og druser.

Tidspress og økonomiske omsyn gjer det nesten uråd å stanse drifta på eit anlegg, men kanskje kan det tenkjast tilfelle der entreprenøren for nokre timar finn andre oppgåver for dei tilsette og varslar t.d. Naturhistorisk Museum slik at mineralekspertar kan koma til utanom vanleg arbeidstid og berge viktige funn?

I dag manglar både Naturhistorisk Museum i Oslo, dei andre naturhistoriske musea våre og dei ulike amatør-samlarane lovheimel for ein kvar tilgang, også utanom arbeidstid, til aktive steinbrot, gruver, tomter, vegprosjekt m.m. Problemet blir vanlegvis løyst på staden ved å hente inn løyve frå ansvarshavande der, men har dei seinaste åra vorte vanskelegare med dei stadig større anlegga som attpåtil ofte går døgntkontinuerleg.



Problemet kan altså summerast opp med at **verdifulle og viktige mineralstuffar med dagens driftsmetodar går tapt for alltid.**

For å bøte på dette kjem derfor undertegna med framlegg om at dei naturhistoriske musea i fyrste omgang tek kontakt med entreprenørane og drivarane av gruver og steinbrot for å finne ei friviljug ordning om:

1. varsling til Naturhistoriske Museum, evn. eige uttak av prøver for Museet, og **2. tilgjenge** for Naturhistorisk Museum, evn. ved fullmakt til andre fagfolk for å ta ut og sikre prøver av mineral, fossil og bergartar.

Det er likevel slik at dei naturhistoriske musea av økonomiske årsaker ikkje kan ha ein beredskap med kvalifiserte folk som på stutt varsel kan rykkje ut til alle delar av landet dersom eit spennande område (sprekk, druse, gang) skulle bli oppdaga og varsla om. På den andre sida finst det over store delar av landet eit uformelt nettverk av amatør-samlarar, og nokre av desse har etter kvart skaffa seg omfattande kunnskapar både om mineral/fossil og måten å ta dei ut på utan å øydeleggje dei.

Mange av desse fagfolka, "steinsamlarane" er også med i organisasjonar som NAGS (Norske Amatørgeologers Sammenslut-

ning), Palvenn (Paleontologisk Museums Venner) og GMW (Geologisk Museums Venner).

Dette framlegget er i fyrste omgang meint som eit diskusjonsgrunnlag:

1. Naturhistorisk Museum lagar så fort som råd eit rundskriv som går ut til entreprenørar, gruveselskap, pukkverk og andre som arbeider i fast fjell over heile landet. Dette rundskriver gjer merksam på den vitskapelege og den museale verdien til funn av krystallar, mineral og fossil og bed aktørane seia frå/ta vare på det dei måtte koma over.
2. Naturhistorisk Museum tek kontakt med dei ulike samlarorganisasjonane som er nemnde over og med interesserte og kunnige enkeltpersonar over heile landet om eit samarbeid for å sikre Museet fleire av dei mineralskattane som blir avdekte i Noreg.
3. Det er vidare liten grunn til å tru at ein entreprenør utan økonomisk kompensasjon vil stoppe pågåande arbeidsoperasjonar for sjølv å bidra til å berge slike uerstattelege naturskattar eller vente for å sleppe til mineralogiske fagfolk. Museet må derfor vurdere mogleighetene for kompensasjon til "Anlegget" for kortare avbrot på avgrensa driftsområde, og evn. betaling til dei på anlegget som tek ut ynskete prøver.
4. Museet må stille krav om at alle som hjelper dei med uttak av mineral må ha hjelm og sikringsutstyr, evn. stille krav om sikkerheitskurs.

Dette skrivet er eit forsøket på å få til ei ordning slik at vi kan ta vare på fleire av dei naturskattane som elles går tapt for alltid i den intense utbyggingsperioden landet vårt nå er inne i.

Det blir derfor sendt over til Styret i Naturhistorisk Museum samstundes som det blir lagd fram til ordskifte i aktuelle fora.